



I heldigste fall kan ein reguleringsplan for delar av dette området bli lagt ut i april. (Foto: Erlend Moen).

Verksemdsleiar Tormod Fossheim er optimist etter møtet som kommunen heldt tirsdag om den mykje omtala reguleringsplanen for turistanlegg med omgjevnader i Uskedalen. Utifrå det som skjedde under møtet har han håp om at forvaltningskomiteen kan vedta utleggjing av planen under møtet sitt i april. Målsettinga er at alle partar har akseptert planen før utleggjinga.

I tillegg til kommunen sine folk med ordføraren i spissen var samtlige som er berørt av planen representert: Rabben Camping, Øyro Marina, kyrkjevergen og båtlaget. Fossheim sleg fast at det var ein god tone på møtet og at det ikkje var prega av steile frontar. Men det var ikkje uventa ueinigheit om eindel ting, ikkje minst vegspørsmålet.

Likevel trur Fossheim at det referat han no skal skriva om det han meiner møtedeltakarane vart einige om vil peka på ei løysing som dei fleste kan leva med.

- Du har tidlegare antyda at det kan bli nødvendig å gå to runder med partane. Men no vil det altså halda med ein runde?

- Jau, eg vonar at vi på bakgrunn av det som vart sagt under møtet kan komma fram til eit forslag som kan leggjast ut. Men eg legg til at eg då er på det mest optimistiske. Og eg må også presisera at det er fleire som skal ha eit ord med i laget etter utleggjinga!

Grunnlaget for møtet tirsdag var eit forslag til reguleringsplan som Johannes Tufeland har utarbeidd og som vart sendt til kommunen for nokre vekar sidan.

Av Ola Matti Mathisen